
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 26.02.2020
Tidsramme: kl 10:00-14:15
Sted: Volda sjukehus, møterom 1 og 2
Saksnr.: 12/20 - 22/20
Arkivsak: 2020/72

Møtleiar:

Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:

Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Bjarne Storset
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:

Ann Helene Skare
Janne Remøy Endresen

Forfall:

Ingen

Frå administrasjonen møte:

Administrerande direktør Øyvind Bakke
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte og takka for omvising ved Mork Rehabiliteringssenter. Alltid interessant å oppleve engasjementet ute i fagmiljøa. Styret fekk også ei orientering om status på rehabiliteringsprosjektet som Helse Møre og Romsdal har i samarbeid med kommunar i fylket. Styret ser fram til å sjå at dette blir ei saumlaus helseteneste for desse pasientane.

Sak 12/20 Godkjenning av innkalling og sakliste

Orienteringssak om Helseplattformen utgår i dag.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og sakliste.

Sak 13/20 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Administrerande direktør si orientering
 - Felles leiarsamling med 224 leiarar, føretakstillitsvalte, hovudtillitsvalte og hovudverneombod
 - Ny organisering – godt i gang og opplevast som i god prosess
 - Presentasjon av organisasjonskart på kvar sjukehus-klinikk
 - To ny tverrgåande klinikkar
 - Forbettringshistorier i føretaket
 - Rekrutteringstiltak psykologar
 - Status bygningsmessig utviklingsplan
- SNR v/ Johan Arnt Vatnan, leiar i prosjektstyret
 - Status framdriftsplan
 - Status kostnadsrammer/styringsrammer
 - Plan for netto- og bruttoareal
 - Presentasjon av tiltak for å sikre økonomisk bærekraft av prosjektet
 - Leverandørtreff 4. mars på Seilet i Molde
- Handlingsplan for reduksjon av avvik på arbeidstidsbestemmingar v/ Ketil Hjelset, HR-direktør

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitende.

Sak 14/20 Referatsaker

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll HMN RHF 06.02.2020
- Protokoll frå AMU-møte 24.02.2020
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 24.02.2020
- Protokoll føretaksmøte Helse Møre og Romsdal 14.02.2020
- Innspel til sak 02/20 frå Bunadsgeriljaen
- Innspel til sak 06/20 frå Bunadsgeriljaen
- Brev frå styret i Ålesund og omegn demensforening

Sak 15/20 Statusrapport januar 2020 – kvalitet, økonomi, aktivitet

Styret fekk ein presentasjon av økonomidirektør på statusrapporten frå januar med blant anna oversikt over aktivitetsbudsjett (ISF-refusjon), omstillingstal knytt til omstillingsvedtaket på tilsvarande 130 årsverk og budsjettfordeling på ny organisasjonsstruktur.

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten for januar 2020 til orientering.

Sak 16/20 Styrets årsberetning 2019 - utkast**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tar orienteringa om utkast til styrets årsberetning til vitende og ber administrasjonen ta innspela frå styret med i ferdigstillinga av årsberetninga. Endeleg årsberetning vert vedteken saman med årsrekneskapet 2019 på styremøtet 25.03.2020.

Sak 17/20 Revidert handlingsplan «Den Gylne Regel»

Styret fekk ei kort orientering av fagdirektør om kva som ligg i oppdragsdokumentet for 2020 knytt til Den Gylne Regel og deretter ein presentasjon av klinikkjef for psykisk helsevern og rus om plan for Helse Møre og Romsdal for å innfri Den Gylne Regel. Det blei presentert ulike utfordringar ein ser føre seg for å klare å innfri krava i oppdragsdokumentet og at ein må jobbe med å skape konkrete tiltak for å lukkast.

Vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tar revidert handlingsplan for oppfølging av Den gylne regel til vitende.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber administrerende direktør følgje opp gjennomføringa av handlingsplanen månadleg og sette i verk ytterlegare tiltak i samarbeid med klinikkane dersom planen ikkje har ønska effekt.

Sak 18/20 Etablering av OU-funksjon for Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)

Styreleiar foreslår tillegg i vedtaket knytt til kva administrerende direktør har skrevet i saksframlegget sitt i siste avsnitt:

Styret ber administrerende direktør legge fram en heilskapleg prosjektplan for alle fagområder inklusive fødeavdelingane innan sommaren 2020.

Styret forstår forslaget til vedtaket at ein vil sjå ei plan som viser omfanget av det arbeidet som må gjennomførast før innflytting i SNR.

Styret sluttar seg til forslag om ekstra punkt i vedtaket.

Følgjande vedtak blei fatta:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek mandat OU SNR 2024, datert 18.02.2020, til vitende.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber administrerende direktør legge fram en heilskapleg prosjektplan for alle fagområder inklusive fødeavdelingane innan sommaren 2020. Styret forstår forslag til vedtak slik at ein vil sjå ei plan som viser omfanget av det arbeidet som må gjennomførast før innflytting i SNR.

Sak 19/20 Årleg melding HMR 2019**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal tar Årleg melding 2019 frå Helse Møre og Romsdal til Helse Midt-Norge til vitende.

Sak 20/20 Topp 10 risiko

Styret fekk ein presentasjon av fagdirektør om dei ti største risikoane ein ser i helseføretaket i 2020. Risikobiletet blir sendt over til Helse Midt-Norge i etterkant av dette styremøtet.

Vedtak:

1. Styret i Helse Møre og Romsdal tar framlagt risikobilete til vitende.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal ber adm.dir. følgje opp risikobilete med risikoreduserande tiltak og ha fokus på løpande risikohandtering.

Sak 21/20 Foreløpig saksliste til neste styremøte (utan saksframlegg)

Det blei gitt ei munnleg opplesing av utkast saksliste til styremøte i HMR 25.03.2020

Sak 22/20 Godkjenning av protokoll 2/2020 – styremøte 26.02.2020**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 26.02.2020.

Volda, 26.02.2020

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen

